



Fredrik Crowo
Juviknipa 46
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/413 - 14/1185

Saksbehandlar:
Lillian Straumøy Brakstad
lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:
31.01.2014

Godkjenning - tiltak utan ansvarsrett. Fasadeendring bustad på gnr 4 bnr 33.

Administrativt vedtak. Saknr: 05/2014

Eigedom: Gnr 4 bnr 33

Byggjeplass: Rotevikshaugen 20

Tiltakshavar: Fredrik Crowo

Planstatus: Reguleringsplan - bustadområde

Søknad om: Fasadeendring bustad

Saksutgreiing:

Det vert vist til søknad stempla motteke 13.09.2013 og teikningar stempla motteke 17.01.2014 i Meland kommune. Søknaden gjeld fasadeendring bustad/innsetting av 3 vindauge i fasade mot sør på gnr. 4 bnr. 33 på Rotevikshaugen 20.

Vurdering:

Planstatus:

Eigedomen er i reguleringsplan for Beitingen regulert til bustadområde.

Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla 10.09.2014. Det er ikkje motteke merknader til varselet og alle naboar har samtykka til tiltaket. Det er ikkje naudsynt med ytterlegare varsling i saka. Nabovarslinga vert rekna som tilstrekkeleg etter Pbl § 21-3.

Planløyising og utsjånad:

Tiltaket har forsvarleg planløyising og er i samsvar med Pbl § 29-1.

Vedtak

”Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (PBL) § 20-2 løyve til fasadeendring bustad på gnr. 4 bnr. 33 i samsvar med søknad stempla motteke 13.09.2013.

Det vert vist til vedlagte kart stempla motteke 13.09.2013 og teikningar stempla motteke 17.01.2014.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så framt det ikkje er gjeve unntak.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf Pbl § 21-9.

Meland kommune ber om at det vert meld frå når tiltaket vert starta opp og ferdigstilt.

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.

Saka er handsama og godkjend administrativt i medhald av delegert mynde.”

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28, jf vedlagte skjema.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad
konsulent

Mottakere:

Fredrik Crowo

Juviknipa 46

5918

FREKHAUG